

Arild Torvund Olsen og Ingvild Aursøy Måseide:

MEDIEORDLISTA

NYNORSKE FAGOMGREP FOR FILM- OG MEDIEVITSKAP

Studentmållet i Nidaros

Formgjeving: Arild Torvund Olsen

Gjeve ut av: Studentmållet i Nidaros
Brattørgata 7, 7010 NIDAROS
<http://www.stud.ntnu.no/studorg/smin/>

Sist endra 04.05.2003

Føreord

Skal eit språk ha full status, må det vera mogleg å nytta det i alle samanhengar, i akademiska òg. Om ikkje misser språket lett statusen sin og vert eit språk som folk trur berre høver på nokre område, som til dømes i dikt. Diverre er ein del av fagomgrepa som vert nytta i dag på bokmål, engelsk eller andre språk, ikkje støtt so lette å setja om til nynorsk. Alt på førebuande møter du ord som *anskuelsesformer*, *foranderlighet* og *erkjennelse*. Jamvel om langt ifrå alle fag er like ille som førebuande, kan det ofte vera vanskeleg å sitja og spontanomsetja når førelesaren nyttar framandord. For at ikkje kvar nye nynorskskrivande student skal vera nøydd til å finna opp krutet på ny, har me difor laga denne ordlista.


Mange av framandorda i denne ordlista er tillatne i nynorsk, men språket vert betre og ofte lettare å skjønna når ein nyttar nynorske og meir sjølvforklårande ord. Det er til dømes lettare å skjønna ordet *frigjerande* enn ordet *emansipatorisk*. Media er dessutan eit emne som råkar fleire enn mediestudentane, og me vonar difor at orda i denne ordlista kan gjera det lettare for fleire å skjønna kva det er tale om.

Det nynorske målet er kjent for å vera meir verbalt enn bokmålet, og for å få til eit godt mål kan det ofte vera klokt å skriva om setningane. Der ein på bokmål gjerne skriv «Saklighet er av stor viktighet når man skal skrive», so vil det på nynorsk vera betre å skriva «Det er viktig å skriva sakleg».

Me nynorskbrukarar lyt halda fram med å laga nye ord, nynorsken vert aldri «ferdig». For at nynorsk skal vera eit bruksmål, lyt me utvikla målet og laga og spreia nye ord når det trengst, og me kjem heile tida til å utvida denne vevutgåva av ordlista. Me i Studentmållaget i Nidaros vonar denne ordlista vil inspirera andre til å laga ordlister for andre fag.

Til sist vil me retta ei takk til dei som har hjelpt oss og kome med innspel medan me arbeidde med ordlista: Magnar Breivik, Inger Johansen, Stig Kulset, Sergej Alexander Munkvold, Anne Marit Myrstad, Vivian Torvund Olsen, Håvard Tangen, Erlend Trones og Jon Peder Vestad.

Ingvild Aursøy Måseide og Arild Torvund Olsen
Trøndelag sumaren 2002



- action** handling -a/i, fres -en, spaning -a/i
- action movie** spaningsfilm -en, handlingsfilm -en (*film som har hovudvekta på handlinga, ikkje på talen*)
- action painting** handlingsmåling -a/i
- adbusting** blestbrekking -a/i
- agenda** sakliste -a, dagsorden -en
- agenda setting research** dagsorden-tradisjonen, forskning på dagsorden-funksjonen (til media)
- aktør** (ein) medverkande (person), medspelar -en
- ambient music** omverdsmusikk -en, omgjevnadsmusikk -en
- analogi** likskap -en, samsvar -et «Eit bilete av ein ost har ein likskap med osten som dei skriftlege teikna o-s-t ikkje har.»
- analyse** oppløysing -a/i, oppdeling -a/i, (kritisk) gransking -a/i, gjennomgang -en
- analysere** (v) løysa opp, fingaransa -a, gå nøye gjennom
- anorage** forankring -a/i, ankerfeste -t, fastsetjing -a/i, styring -a/i «Teksten kan fastsetja tydinga til biletet.»
- anskueliggjøre** åskodeleggjera (-gjorde), illustrera -te, skildra -a, gjera tydeleg, vera døme på
- anskuelsesform** åskodingsform -a/i, synsform -a/i, måte å sjå verda på
- anslag** 1. opptakt -a/i, oppspark -et, byrjing -a/i, innleiing -a/i «I opptakta til filmen vert me tekne inn i ei høveleg stemning.» 2. fingerslag -et, nedtrykk -et (av ein tangent) 3. åtak -et, tilslag -et
- arbitrære tegn** vilkårlege teikn, tilfellelege teikn
- arketyp** urbilete -t, urførestelling -a/i, grunnførestelling -a/i
- arrière-garde** baktropp -en
- ars liberalis** fri kunst
- art** kunst -en
- art director** 1. kunstnarleg leiar -en 2. ateliersjef -en (*innan reklamebransjen*)
- assosiasjon** (individuell) tilleggs-tyding -a/i
- assistant producer** medprodusent -en, assisterande produsent -en
- atspredelse** tidtrøyte -a, underhaldning -a/i
- attitude** haldning -a/i
- audition** prøvespeling -a/i, rolleprøve -a
- auteur** filmskapar -en, filmkunstnar -en, filmdiktar -en, programskapar -en (*om fjernsyn*)
- avant-garde** fortropp -en, spydspiss -en, (nokon som er) i spissen for utviklinga / i brodden for eitkvart
- avantgardistisk** (a) banebrytande
- avbilde** (v) attgje, skildra -a, teikna -a, måla -a, framstilla -te, syna -te
- avbildning** attgjeving -a/i, skildring -a/i, bilete -t «Målarstykket var eit bilete av ein banan.»
- avløsing** avløyning -a/i «Teksten kan fungera som avløyning for biletet.»
- backstage** bak kulissane, bak scena
- bandwidth** bandbreidd -a/i
- bebudelse** varsel -et, varsku -et
- bebudelsesscene** varselhending -a/i, bodskapsscene -a «Biletet syner varselhendinga frå Bibelen.»
- begivenhet** hending -a/i, storhende -t
- begivenhetsforløp** hendingsgang -en
- begjær etter betydning** ynske om meining, ynske om tyding
- begrep** omgrep -et
- behov** trong -en, tarv -en
- behøve** å turva / trenga eitkvart
- belegg** prov -et, dekning -a/i «Det er viktig at journalisten ikkje skriv noko han ikkje har prov for.»
- belyse** 1. setja ljøs på, lysa på, kasta ljøs over 2. setja søkjeljos på, taka opp, draga fram 3. klårleggja
- belysning** ljøs -et, ljøssetjing -a/i, opplysing -a/i
- belysningslys** ljøskjelde-ljøs -et, ljøs frå ei ljøskjelde

berette melda -er, fortelja (-tel, -talde, -talt)

beretning 1. forteljing -a/i, utgreiing -a/i, melding -a/i **2.** årsmelding -a/i

besetning skodespelarane, dei som er med, rollehararane, stab -en

beskjære taka utsnitt, laga utsnitt, velja biletdel

beskjæring (s) utsnitt -et, nedkutting -a/i

beskrive (v) skildra -a «Når me skal skildra eit bilete, er det viktig å ...»

beskrivelse skildring -a/i, utgreiing -a/i
«I denne biletskildringa vil eg leggja vekt på ...»

bety tyda, ha å seia

betydning tyding -a/i, meining -a/i

bevegelse rørsle -a «Når me ser film, gjer hovudet vårt bileta om til rørsle.»

bevis prov -et «Filmopptak vert gjerne nytta som prov i rettsaker.»

bevissthet medvit -et

bilde bilete -t

bildefortolkning bilettolking -a/i, å tolka eit bilete, tolking av eit bilete

bildende kunst biletkunst -en, visuell kunst -en (*sammennar for skulptur, målarstykke, grafikk og teiknekunst*)

bildende kunstner biletkunstnar -en, visuell kunstnar -en (*bilethoggarar, målarar og dilikt*)

billedbehandling biletmanipulasjon -en, bilethandsaming -a/i, biletomvøling -a/i, biletendring -a/i

billedforløp biletgang -en

billedgjørelse biletgjering -a/i

billedkunst biletkunst -en

billedlig biletleig

blimping ljoddemping -a/i (av filmkameraet)

blue screen blåskjerm -en

blur (v) gjera uklårt, dimma -de

blur (s) tåke -a, dimme -a

brainstorming idémyldring -a/i, idédugnad -en

branding 1. merking -a/i

2. merkevarebygging -a/i

broadcasting kringkasting -a/i

budskap bodskap -en

by-line namnstripe -a, namneline -a, artikkelsignatur -en

camera kamera -et

cartoon teiknefilm -en

case tilfelle -t, sak -a/i

cast skodespelarane, dei som er med, rollehararane

casting tildela roller, utveljing av skodespelarar

catharsis reinsing (av sinnet)

character person -en, rollefigur -en

chat netprat -en

chat group prategruppe -a

chatting netprating -a/i

chord akkord -en

chroma-key fargenykel -en (*jamfør med oppslagsordet keying*)

clair-obscur ljøs-mørke

cliff hanger hangande slutt, interessevekkjar -en

close-up nærbilete -t

clue 1. spor -et

2. nykelord -et, stikkord -et

collage klistrebilete -t, samansetjing -a/i (*som i t.d. ljodsamansetjing*), samansetjing av bilete

colourfulness fargerikdom -en, fargeintensitet -en

comic teikneserie -n

commercial break reklamepause -n

composite photography samansett fotografi -et

connaisseur kjennar -en (*til dømes ein kunstkjennar*)

contentum ljodkulissar, miljøljod -en, realljod -en, bakgrunnsljod -en

context samanheng -en

continuity 1. ubrotten samanheng -en, kontinuitet -en **2.** handlingsgang -en (i film) **3.** samanbindande kommentarar (i radio/fjernsyn)

continuity editing samanhengs-

continuity editing samanhengs-

klypping -a/i, framhaldsklypping -a/i,
kontinuitetsklypping -a/i

convention sedvane -n, vane -n

convergence 1. samansmelting -a/i,
samanfall -et, tilnærming -a/i 2. auka
informasjonsmengd (på skjermen)

cover 1. (plate-/bok-/blad-) omslag -et
2. nyinnspeling -a/i (av ein song nokon
andre har laga), tolking -a/i, lånelåt -en

credits 1. rulletekst -en 2. føretakst -en,
opningstekst -en 3. krediteringar (*kven
som har gjort kva i til dømes ein film*),
opplisting av medarbeidarar

crew mannskap -et, stab -en

cross over kryssing -a/i

cue stikkord -et (til ein skodespelar), teikn
for handling/ord

cultural studies kulturstudietradisjonen,
britiske kulturstudium, Birmingham-skulen

cyberspace kyberrom -et, dataverda

day time dagtid -a/i «Det var ein typisk
dagtid-såpeopera.»

deadline (tids-) frist -en, leverings-
frist -en, daudline -a

decoding avkodning -a/i

denotasjon grunntyding -a/i «Biletet har
både grunntydingar og medtydingar.»

design utforming -a/i, formgjeving -a/i

designer formgjevar -en, utformar -en

desk redaksjonssenter -et,
redigeringscenter -et

deskriptivt syntagme skildrande saman-
setjing -a/i

determinert førehandsstyrd, gjeve på
førehand

deus ex machina «ein gud frå maskina»,
uventa hjelp, inngrep utanfrå

diagonal (s) skråline -a «Biletet vart delt av
ei skråline.»

diagonal (a) skrå «Biletet har mange skråe
rørslar.»

dialog samtale -n, prat -en

diegese 1. utgreiing -a/i 2. verda som ein
fiksjonsfigur eksisterer i, fiksjonsverd -a/i
«Jamvel om 80-talet er fortid for oss, so er
det notid i verda til figurane i Dynastiet.»

diegetisk lyd innomverds ljod -en, ljod som
er ein del av fiksjonsverda «Musikken gjekk
frå å vera utomverds til innomverds ljod.»

direct mail adressert reklame -n

director regissør -en

direktehet 1. å vera (eller gjeva inntrykk
av å vera) direktesendt 2. å vera beint-
fram / beinveges «Mange fjernsyns-
program ynskjer å gjeva inntrykk av å
vera direktesende, sjølv om dei ikkje er
det.»

diskontinuitet samanhengsbrot -et,
usamanhangande framstilling -a/i

diskurs* 1. forteljingsuttrykk -et

2. forteljarmåte -en 3. uttrykk -et

4. samtale -n 5. drøfting -a/i

6. samhandling -a/i 7. tekst -en

8. pratet om noko 9. melding -a/i

display (data-) skjerm -en, skjermfelt -et,
panel -et, teiknrute -a

dissolve overtoning -a/i

docu-soap doku-såpe -a,
dokumentarsåpe -a

doxa ålmenn synsmåte -n, gjengs
meining -a/i

drive in cinema bilkino -en,
utandørs kino -en, utomhuskino -en

dybde djupn -a/i

dybdefokus djupfokus -et «Djupfokus
spela ei viktig rolle i *Citizen Kane*.»

dybdeintervju djupneintervju -et,
djuptgåande intervju -et

dybdeskarphet djupfokus -et, vera skarp
i djupna

dypfokus djupfokus -et

edit (v) redigera -te, klyppa -te

* Ordet *diskurs* vert nytta sers ulikt mellom dei som skriv. Finn ut kva for ei av omsetjingane her som samsvarar med det du/den som skriv, vil seia, mellom anna med tanke på kva ordet skal stå i motsetnad til.

editing redigering -a/i, klypping -a/i

editor redaktør -en (av eit blad),
bladstyrar -en (for eit blad), redigerar -en
(på ein film), klyppar -en (på ein film)

edutainment leik-og-lær,
kunnskapsleik -en

Eigenlicht sendeljos -et, eige ljøs

eklektisk 1. samansett (av element frå
fleire førebilete) 2. utveljande

eksponere utlevera, openberra, utsetja
for noko, syna, berrleggja

eksposisjon (orienterande) fram-
stilling -a/i (*om ei filmscene*)

ekspresjon uttrykk -et

ekstravagans overflod -a/i,
overdriving -a/i, ovnøgd -a/i

ekstravagant overdriven,
umåtehelden, råflott, måtelaus

e-mail* 1. e-post -en 2. e-brev -et,
skjermbrev -et

emansipatorisk frigjerande

emosjon kjensle -a

emosjonell kjensleladd, som har med
kjenslene å gjera

emoticon kjenslebilette -t, kjensleteikn -et
«På verdsveven nyttar folk gjerne kjensle-
bilette som :) for å markera kjenslene sine.»

empati innleving -a/i

encoding koding -a/i

encoding - decoding koding - avkoding

enighet semje -a

entertainer underheldar -en,
underhaldningsartist -en

entertainment underhaldning -a/i

episode bolk -en, hending -a/i

erfaring røynsle -a

erkjennelse sannkjennning -a/i,
erkjennning -a/i, sansing -a/i, innsyn -et,
skjøn -et, forståing -a/i

etnografi 1. folkeskiltring -a/i

2. feltgransking -a/i (*innan publikums-
forskning i media*)

etterrettelig å vera til å lita på, påliteleg,
som tåler etterrøkjing, sætande

excess estetisk overskot -et

executive producer produksjons-
leiar -en, utøvande produsent -en

expectancy-value vonverde -t

expectancy-value approach von-
verde-tilnærming -a/i

fabula 1. forteljing -a/i

2. (forteljings-) innhald -et

faction / faktion faksjon -en

fade in inntoning -a/i

fade out uttoning -a/i

faksimile avprent -et, noggrann kopi,
fotografisk attgjeving av eit dokument

fan club huglaug -et

featurejournalistikk pregjournalistikk -en

feedback 1. attendemelding -a/i,
respons -en, svar -et «NRK fekk mange
attendemeldingar på programmet.»

2. atterljøm -en (*i høgtalarane*)

figurativ førestellande

flashback attendeglimt -et «Attendeglimt
vert stundom synte i sakte film.»

flashforward frampeik -et

flow flaum -en, flyt -en

«Einskildprogram vert mindre viktige enn
den samanhangande flauten.»

focus fokus -et

font skrifttype -n

forfølgelsesscene forfylgjingsscene -a

forløp (handlings-) gang -en

fortolke (v) tolka -a

fortolking tolking -a/i

frame 1. råde -a 2. rute -a (*i teikneseriar*)
3. bilete -t (*i filmar*)

frames per second bilete i sekundet
(*i ein film*)

framing (å taka) utsnitt -et

følelse kjensle -a

føljetong framhaldssøge -a,
(avslutta) framhaldsforteljing -a/i

* Skiljet mellom e-post og e-brev er det same som skiljet mellom post og brev. «Når du hentar ned e-posten din, kan du få mange e-brev».

- føljetongserie** uavslutta framhaldsforteljing -a/i, endelaus framhaldsforteljing -a/i «Såpeopera er eit godt døme på endelaus framhaldsforteljingar.»
- game show** spelprogram -met, tevleprogram -met, leikeprogram -met, spørjeprogram -met
- gate-keepers** portvakter
- gaze** glana -a (v), glåma -de (v), stir -en (s), oppslukt blick (s) «Når me er på kino, so ser me på filmene med oppslukt blick.»
- Gebrauchsmusik** bruksmusikk -en
- genre** sjanger -en
- Gesamtkunstwerk** allkunstverk -et (*eit kunstverk som sameinar dei ulike kunstartane*)
- gjenfortelling** attforteljing -a/i
- gjengivelse** attgjeving -a/i «Bileta skulle syna ei attgjeving av røynda.»
- gjentagelse** oppattaking -a/i
- gjentagende serialitet** oppattakande serialitet -en (*jmfør oppslagsordet series*)
- glance** augnekast -et «Me ser ofte på fjernsyn berre med små augnekast.»
- gradation** nyansering -a/i, sjattering -a/i, skuggelegging -a/i
- gradient** stigingsmarkør -en, avstandsinn delar -en, avstandsmarkør -en, avstandsynar -en
- gratification** fullnøying -a/i, stetting -a/i, tilfredsstilling -a/i
- gratifications sought** vona stetting -a/i, venta stetting -a/i, vona tilfredsstilling -a/i, venta tilfredsstilling -a/i,
- gratifications obtained** oppnådd stetting -a/i, oppnådd tilfredsstilling -a/i
- grisaille** gråbilete -t, gråtonebilete -t
- handlingsforløp** handlingsgang -en, handlingsutvikling -a/i
- handlingskurve** handlingsboge -n
- happy ending** lukkeleg slutt -en
- happy moment** lukkeleg augneblink -en, gladstund -a/i
- hard news** harde nyhende
- hardware** maskinvare -a
- header** topp tekst -en, topp -en (*innan radio/fjernsyn*)
- heading** overskrift -a/i, topp -en (*innan radio/fjernsyn*)
- heavy viewers** storsjåarar, storbrukarar av fjernsyn
- hendelse** hending -a/i
- hendelsesforløp** hendingsgang -en
- hensikt** føremål -et, siktemål -et «Teksten kan vera med på å syna føremålet med biletet.»
- henvendelsesmåte** måte å venda seg til nokon, kontaktmåte
- high brow** 1. snobb -en (s)
2. snobbut (a) 3. intellektuell (a)
4. finkulturell (a), høgkulturell (a)
- high key lighting** jamljos -et
- high modernism** høgmodernisme -n
- home page** heimeside -a, netside -a
- horisontal** vassrett
- horror movie** skrekkefilm -en, grøssar -en, gysar -en
- host** (program-) vert -en
- hue** farge -n, let -en, nyanse -n
- hybrid** blanding -a/i
- håndholdt kamera** handhalde kamera -et
- ikke-diegetisk lyd** utomverds ljod -en, ljod som ikkje er ein del av fiksjonsverda «Musikken gjekk frå å vera utomverds til innomverds ljod.»
- image** 1. bilete -t 2. stil -en (*i overført tyding*), profil -en (*i overført tyding*) «Han ynskte å skapa eit bilete av seg sjølv som litt mystisk.» «Radiokanalen ville ha ein ungdomeleg profil.»
- immediacy** å vera direkte / beintfram / beinveges
- infomercial** info(re)klame -n
- infotainment** opplysningsmoro -a/i, nyhendeunderhaldning -a/i, tabloid- (*i ulike samansetjingar*), kunnskapsunderhaldning -a/i, populærjournalistikk -en

in medias res rett inn i handlinga, midt i handlinga «Teksten/filmen byrja midt i handlinga»

interaksjon samhandling -a/i

interface grensesnitt -et

internettavhengighet vevsykje -a, å ikkje greia seg utan Internetet, sjukeleg binding til Internetet, å vera avhengig av Internetet, internetavhengnad -en

interpretation tolking -a/i

intertekstualitet tekststilvising -a/i, tilvising til andre tekstar

intertekstuell mellomtekstleg

investigative journalism granskande journalistikk -en, gravande journalistikk -en

jingle vignett -en, ljodsnutt -en, kjenningsmelodi -en

jump cut hoppklypp -et

kamerakjøring kamerakøyring -a/i

katarsis reinsing (av sinnet)

kausaltitet årsakssamanheng -en

keying nykling -a/i (*jamfør med oppslagsordet* chroma-key)

kilde kjelde -a

kognitiv sannkjennande, tenkjande, som har med røynslestyrd sannkjenning å gjera

komparasjon samanlikning -a/i, jamføring -a/i

komparativ samanliknande, jamførande

konflikt usemje -a, strid -en

konnotasjon medtyding -a/i «Biletet har både grunntydingar og medtydingar.»

konsensus ålmenn semje -a, å vera samstemde / samstelte / samde

kontekst samanheng -en, medtekst -en

kontekstuell medtekstleg

kontinuerende serialitet framhaldsserialitet -en

kontinuitet samanheng -en, framhald -et

konvensjon sedvane -n, vane -n

konvensjonell sedvanleg

konvergens 1. samansmelting -a/i, samanfall -et, tilnærming -a/i **2.** auka informasjonsmengd (på skjermen)

label etikett -en, merke -t, platemerke -t, plateselskap -et «Plata kom ut på Harvestmerket til EMI.»

l'art pour l'art kunst for kunsten si skuld

layout formgjeving -a/i, oppsett -et, bladbunad -en (*om blad*), bokbunad -en (*om bøker*), utforming -a/i

Leitmotiv leiemotiv -et

lens flare linsebluss -et, linseljos -et «Når sola skin mot kamera, kan det føra til linsebluss.»

letterbox format brevsprekformat -et (*når filmar i breiformat vert synt som ei tynn stripe på ein tilnærma kvadratisk skjerm*)

link (s) lekkje -a, lenkje -a, peikar -en (*på vevsider*)

link (v) lekkja -er, lenkja -a

literary criticism litteraturvitskap -en «Delar av litteraturvitskapen har inspirert mellom anna mottakingsforskinga i medievitskapen.»

live 1. direktesendt (*om radio-/fjernsynsprogram*), rett på lufta **2.** sceneopptak -et

live electronic music utøvarbasert elektronisk musikk -en

live music konsertmusikk -en, levande musikk -en

liveness å vera (eller gjeva inntrykk av å vera) direktesendt «Mange fjernsynsprogram ynskjer å gjeva inntrykk av å vera direktesende, sjølv om dei ikkje er det.»

live recording konsertopptak -et (*om musikk*)

location 1. innspelingsstad -en (utanfor studio) **2.** stad -en

logo bumerke -t, varemerke -t

loop sløyfe -a

loudness ljodstyrke -n

low brow 1. lågkulturell **2.** uintellektuell

- low key lighting** kontrastljøs -et
- low modernism** lågmodernisme -n
- mail*** 1. post -en 2. e-post -en 3. e-brev -et, skjermbrev -et
- mainstream** hovudstraums, midstraums, gjennomsnitt «Det var ein typisk hovudstraumsfilm.»
- mainstreaming** einsretting -a/i, utjamning -a/i, meiningsutjamning -a/i (*innan effektforskinga*), forflating -a/i
- make up** sminke -a
- maleri** målarstykket -t, måleri -et
- market driven journalism** marknadsstyrtd journalistikk -en
- master (-tape)** original -en, kopigrunnlag -et
- meddelelse** kunngjering -a/i, melding -a/i, utsegn -a/i, vitring -a/i
- medie** medium (*på nynorsk er bøyinga: medium, mediet, medium, media. Isamansetjingar: medie-*)
- metamorphosis** formending -a/i, omskaping -a/i
- mise-en-scène** det som vert synt fram, iscenesetjing -a/i
- mixed media** blandingsmedium
- multimedia** mangemedium (*i samansetjingar: mangemedie-*) «Tilskodarane fekk sjå ei mangemedie-framsyning.»
- monolog** einetale -n
- montasje / montage** samansetjing -a/i, samanføring -a/i, samanfelling -a/i
- montasjesekvens** samansetjingssekvens -en
- morphing** formending -a/i, omskaping -a/i
- movie** film -en
- movie still** (still-) bilete -t (frå ein film) «Bladet hadde med eit stillbilete frå den komande Bond-filmen.»
- musical** musikal -en, syngjespel -et, musikkspel -et
- musique concrète** konkret musikk -en
- narrasjon / narration**** 1. å fortelja 2. forteljingshandling -a/i 3. forteljarmåte -en
- narrativ** (a) forteljande
- narrativt begjær** ynskje om forteljing, trong til forteljing
- narrativt perspektiv** synsvinkel -en, forteljarposisjon -en, synsstad -en
- negotiated media influence** tinga / forhandla medieinnverknad -en
- negotiated reading** drøftande lese-måte -n, drøftande lesing -a/i, forhandla lese-måte -n, forhandla lesing -a/i
- neoklassisisme** nyklassisisme -n
- neomodernisme** nymodernisme -n
- neorealisme** nyrealisme -en «Nyrealistisk estetikk har vore viktig i italiensk film.»
- never ending story** uavslutta forteljing -a/i, endeløus forteljing -a/i
- new criticism** nykritikk -en
- new journalism** nyjournalistikk -en
- news** nyhende -t
- news agency** pressebyrå -et, telegrambyrå -et, nyhendebyrå -et
- newsflash** 1. (stutte) nyhende, nyhendeoversyn -et, nyhendeglimt -et 2. ekstra nyhendesending -a/i
- news for use** nyttejournlistikk -en, rettleiingsjournalistikk -en, du-journalistikk -en
- news group** nyhendegruppe -a
- newsreel** filmavis -a
- noise** støy -en, ljod -en
- nonfigurativ** ikkjeførestellande
- nyhet** nyhende -t, nytt
- nyhetsformidling** nyhendeformidling -a/i
- nyhetsgruppe** nyhendegruppe -a

* Skiljet mellom *e-post* og *e-brev* er det same som skiljet mellom *post* og *brev*. «Når du hentar ned e-posten din, kan du få mange e-brev».

** Ordet *narrasjon* vert nytta sers ulikt mellom dei som skriv. Finn ut kva for ei av omsetjingane her som samsvarar med det du/den som skriv, vil seia, mellom anna med tanke på kva ordet skal stå i motsetnad til.

nærhet nærleik -en
offentlighet ålmente -a, det offentlege romet
off-screen (a) utom-bilete
on location utandørs, på innspelingsstaden, ikkje i eit filmstudio
on-screen (a) innom-bilete
one liner småvits -en, morosam kommentar -en
opening titles opningstekstane, opningsvignett -en
opplevelse oppleving -a/i
oppmerksomhet merksemd -a/i, åtgaum -en
oppositional reading opposisjonell lesing -a/i, opposisjonell lese måte -n
opprinn hending -a/i, tilburd -en, scene -a
panorama kringsjå -et
panorere kringsyna -te, å føra kameraet sidelengs
panorering kringsyning -a/i, sidelengs føring av kamera «Ei snøgg kringsyning flytta merksemda over mot landskapet.»
paradigme 1. system -et, mønster -et
 2. tenkjemåte -n, overbyggjande tanketradisjon -en
parasosial interaksjon liksom-samhandling -a/i
pars pro toto del for heilskap
passion du sens ynskje om meining, ynskje om tyding
pc pd -en (= personleg datamaskin)
persipere (v) oppfatta, sansa, røyna
persepsjon sansing -a/i, oppfatting -a/i
phasing faseforskuving -a/i
pitch tonehøgde -a/i
pixel (bilet-) punkt -et «Skjermbiletet er bygd opp av mange små punkt.»
plastisk romleg
plot 1. handlingsgang -en 2. intrige -n
 3. forteljingsframlegging -a/i
pluralisme mangfald -et
point of no return ingen utveg-punktet

point of view 1. forteljarposisjon -en, synsvinkel -en 2. synspunkt -et
point-of-view-shot subjektiv innstilling -a/i
polysemi fleirtyding -a/i
polysemisk fleirtydig, mangetydig
PR publikumskontakt -en, blest -en, publikums-/politikar-/pressepåverknad
PR-sjef blestsjef -en
preferred reading føretrekt lesing -a/i, føretrekt lese måte -n
pretest før-gransking -a/i
preview førehandsvising -a/i, førehandsframsyning -a/i
prime time beste sendetid -a/i «Programmet gjekk i beste sendetid.»
print (s) 1. prent -et 2. utskrift -a/i (frå ei datamaskin) 3. prenta bokstavar 4. bilete -t, kopi -en (*om fotografi*)
print (v) 1. skriva ut (frå ei datamaskin) 2. prenta -a 3. publisera noko (på prent) 4. kopiera -te (*om fotografi*)
printer 1. skrivar -en (på ei datamaskin) 2. prentar -en (*ein som arbeider på eit prenteverk*)
producer produsent -en
projector framsynar -en, skriftkastar -en
promotere (v) blesta -a, skapa blåster om
promotion blesting -a/i, salsframstøyt -en
public access television open kanal -en
public service broadcasting ålmenn-kringkasting -a/i
punchline poeng -et (i ein vits eller ei forteljing)
påvirkning påverknad -en «Det er vanskeleg å vita kor stor påverknaden frå fjernsynsvald er.»
quiz spørjeprogram -et, spørjetevling -a/i, kunnskapstevling -a/i
reality-TV røyndomsfjernsyn -et
realtime sanntid -a/i
reception mottaking -a/i
reception analysis mottakingsforskning -a/i, resepsjonsanalyse -n

referanse tilvising -a/i, peikar -en «I filmen var det mange peikarar til 30-talsfilmar.»

referent* det som vert vist til, det tilviste

refleksiv sjølvskodande, sjølvsannkjennande

refleksivitet sjølvskoding -a/i

relais avløyning -a/i «Teksten kan fungera som avløyning for biletet.»

remake nyinnspeling -a/i, omskaping -a/i, attskaping -a/i

repousoir attendeskuvar -en «Fuglen i framgrunnen fungerte som ein attendeskuvar på biletet.»

representere å stå for (noko anna) «Alle teikn stand for noko anna enn seg sjølve.»

repressiv undertrykkjande, trælkande, kuande

research gransking -a/i, etterrøkjing -a/i, innsamling av bakgrunnsopplysningar

resepsjon mottaking -a/i, fagning -a/i (*i positiv tyding*)

resepsjonsforskning mottakingsforskning -a/i

reseptiv mottakeleg

resonance atterklang -en, resonans -en

road movie motorvegofilm -en, køyrefilm -en, på vegen-film -en

rollebesetning (s) skodespelarane, dei som er med, rollehavarane

running time 1. speletid -a/i (*lengda på filmen*) 2. tid på plakaten (*kor lenge ein film går på kino*)

saklighet å vera sakleg

sample (s) 1. vareprøve -a, stikkprøve -a

2. ljodklypp -et (*innan musikk*)

3. utval -et (frå ei datamengd)

sannhet sanning -a/i

sannsynlighet sannsyn -et, likende -t, å vera truleg / sannsynleg

sannsynlighetsutvalg sannsynsutval -et

scanner innlesar -en, avlesar -en

(maskinell) biletlesar -en

scanning innlesing -a/i, avlesing -a/i

scheduling programlegging -a/i

scoop kjempesak -a/i, nyhendekupp -et, varp -et, funn -et «Journalisten fekk tak i ei kjempesak.»

screen (s) (fjernsyns-/data-) skjerm -en, lerret -et (filmen vert syna på), biletflate -a

screen (v) 1. å syna ein film 2. å utføra ei storgransking

screening (s) 1. storgransking -a/i

2. filmframsyning -a/i

screenplay 1. manus -et, manuskript -et «Manuset vart skrive av Anne Rice.»

2. film -en

screen-test prøvefilming -a/i

script manuskript -et, manus -et

scrolltext rulletekst -en

search engine søkjemotor -en, netsøkjar -en

seeing-as sjå-som

seeing-in sjå-i

seeing is believing å sjå er å tru, augo lyg ikkje

seeing-on sjå-på

seerkontinuitet sjåarframhald -et, sjåarkontinuitet -en «Selskapet ynskte å ha stort sjåarframhald frå eitt program til det neste.»

segment 1. del -en 2. målgruppe -a, publikumsdel -en

segmentering 1. oppdeling -a/i

2. målgrupperetting -a/i,

målgruppeinndeling -a/i

selektivt utveljande

semiologi teiknlære -a, teiknvtenskap -en

semiotikk teiknteori -en, teiknvtenskap -en

serial framhaldsforteljing -a/i (*kan både vera avslutta og uavslutta, sjå føljetong og føljetongserie*)

serialization serialisering -a/i

* I byråkratspråk vert *referent* oftast nytta om møteskrivarar og dilikt, men i medievitenskap vert ordet gjerne nytta om det objektet eit teikn viser til.

- series** (oppattakande) serie -n, uavslutta episodisk serie -n
- server** tenarmaskin -a
(om datamaskiner)
- set** opptaksstad -en, kulisse -n, dekorasjon -en
- setting** råde -a, miljø -et «Råde for filmen var eit typisk storbymiljø.»
- sfumato** 1. røyk -en, slør -et
2. konturutvisking -a/i
- shoot** (v) filma -a, skjota (skyt, skaut, skote), taka opp «Episoden vart filma i Stryn.»
- shot** innstilling -a/i «Det som er mellom to klypp vert kalla ei innstilling.»
- sidebar** sidestolpe -n, infostolpe -n
- signature-television** programskapar-fjernsyn -et, signatur-fjernsyn -et
- signifier / signifikant** (materielt) uttrykk -et
- signified / signifikat** idéinnhald -et, (immatrielt) innhald -et
- sing-along-movie** syng med-film -en, allsongfilm -en
- sitcom** sitkom -en, situasjonskomedie -n
- situation comedy** situasjonskomedie -n, sitkom -en
- skuespiller** skodespelar -en
- slot** programlomme -a «Fjernsynskvelden er delt inn i programlommer.»
- slow motion** sakte film, langsam film
«Attendeglimt vert stundom synte i sakte film.»
- snapshot** knipsebilet -t, kameraskot -et, augneblinksbilet -t
- soap** såpe -a, såpeopera -en
- soft focus** mjukfokus -et
- soft news** mjuke nyhende, mjuknytt
- software** programvare -a
- soliloquy** åleinetalet -n, det å tenkja høgt / tala til seg sjølv, einetalet -n
- sonority** 1. klang -en 2. klangleik -en
- sound** 1. ljod -en 2. klang -en
3. ljodbilet -t «Plata hadde eit klinisk nittitallsljodbilet.»
- soundtrack** ljodspor -et (t.d. på ein film), filmmusikk -en
- soundfount** ljodkjelde -a, ljodspreiar -en
- soundscape** ljodlandskap -et
- source** kjelde -a
- spectator** tilskodar -en, åskodar -en
- spenningsforhold** spaningstilhøve -t, motsetnad -en, konflikt -en «Det var eit spaningstilhøve mellom menneska og naturen i filmen.»
- spin-off** 1. avspinnar -en, utløpar -en
2. oppfylgjar -en «Serien *Frasier* var ein avspinnar av / oppfylgjar til *Cheers*.»
- spin-off-produkt** avspinnarprodukt -et, tilleggsprodukt -et «Det vart laga biletbøker og andre tilleggsprodukt til fjernsynsserien.»
- spiral of silence** teiespiralen
- spot** 1. reklameinnslag -et 2. eit (fast) punkt på programmet
- Sprechgesang** talesong -en
- spørreundersøking** spørje-gransking -a/i
- stand-up** på staden-innslag -et
(i nyhendesendingar), fjesing -a/i
(i nyhendesendingar)
- statement** utsegn -a/i, kunngjering -a/i, fråsegn -a/i
- still** (still-) bilet -t (frå ein film) «Bladet hadde med eit stillbilet frå den komande Bond-film.»
- stillhet** stille -a «Stilla kan i seg sjølv vera eit effektivt verkemiddel.»
- story** forteljing -a/i, forteljingsinnhald -et, innhald -et
- straight photography** reint fotografi
- streaming audio** strøymande ljod
- streaming video** strøymande video
- størrelse** storleik -en
- subliminal påvirkning** påverknad av undermedvit
- subtitle** (s) 1. teksting -a/i (på film)
2. undertittel -en
- subjett / susjett / suyzhet** 1. forteljing -a/i,

handling -a/i **2.** forteljingsframlegging -a/i **3.** handlingsskisse -a

supertema overemne -t, overtema -et, det overordna emnet

surfe (på verdsveven) vandra på veven, flakka -a, reka (rek, rak, reke) «Han sat og flakka kring på verdsveven.»

surround sound kringljod -en

survey **1.** spørjeskjemagransking -a/i, gransking -a/i, spørjegransking -a/i **2.** oversyn -et

swish-pan snøgg-grautklypp -et

syntagme samansetjing -a/i, samansett eining -a/i

take taking -a/i

talking heads pratehovud

talkshow prateprogram -et

taushetsspiralen teiespiralen

teaser lokkar -en, tirror -en, agn -et, lokkemat -en «For å få deg til å sjå på same fjernsynskanal heile kvelden, sender kanalen lokkarar for kva som kjem seinare.»

tegn teikn -et

teleobjektiv fjernlinse -a

telepresence fjern-nærvær -et

televisjon fjernsyn -et

tilfredsstillelse fullnøying -a/i, stetting -a/i, tilfredsstilling -a/i

tilt (kamera-) vipping -a/i

timbre **1.** klangfarge -en, klangdåm -en **2.** klang -en **3.** tonefarge -n

titles tekstar, opningstekstar, føretekstar

toto pro pars heilskap for del

tracking kamerakøyring -a/i, sporkøyring -a/i

trademark **1.** varemerke -t **2.** merke -t, preg -et

trailer smakebit -en, (film-/program-) reklamesnutt -en

transmission overføring -a/i

transparent **1.** gjennomsynleg, gjennomskinleg (a) **2.** ljøsark -et (s)

transparency å vera gjennomskinleg

travelling kamerakøyring -a/i

trykkefrihet prentefridom -en, trykkjefridom -en

trykkeri prenteverk -et

TV fjernsyn -et

ubevisst umedvite

umiddelbarhet å vera direkte / beintfram / beinveges, beinveges / direkte tilknytning

underbevisst undermedvite

underholde underhalda (-held, -heldt, -halde)

underholdning underholdning -a/i

undersøkelse gransking -a/i, etterrøkjing -a/i

user interface brukargrensesnitt -et

uses and gratifications research bruksforskning -a/i, bruks- og tilfredsstillingsforskning -a/i, moderne bruksforskning

utrede greia ut, finna ut av, gjera greie for

uttalelse utsegn -a/i, ytring -a/i, fråsegn -a/i

Verfremdung framandgjering -a/i

vertikal loddrett, loddbein

vesentlighet å vera viktig, å vera vesentleg, å vera avgjerande, å vera i framgrunnen, vekt -a/i

viewer sjåar -en

virkelighet røyndom -en, røynd -a/i «Til høvet mellom bilete og røynda er ...»

virkelighets-TV røyndomsfjernsyn -et

virtual communities virtuelle samfunn, netsamfunn

virtual reality virtuell røyndom, fungerande røyndom, mogleg røyndom

voice of god gudsrøyst -a/i (*avpersonifisert og tilsynelatande allvitande forteljarrøyst*)

voice over forteljarrøyst -a/i, kommentarrøyst -a/i, kommentar -en

voldspåvirkning valdspåverknad -en

web vev -en, net -et

webmaster vevmeister -en

web page vevside -a, netside -a

web site vevstad -en, netstad -en

wide-angle lens vidvinkellinse -a

widescreen breiskjerm -en (*om fjernsyn*),
breiformat -et

window vindauge -t

wipe utstryking -a/i

work-place soap arbeidsplass-såpe -a

world wide web verdsveven, den verds-
vide veven

ytringsfrihet ytringsfridom -en

zapping (kanal-) hopping -a/i, skifting -a/i,
byta kanalar, sitja og trykkja (på fjern-
kontrollen)

zoom skuva -a (v), skuving -a/i (s) «Ved å
skuva snøgt inn mot motivet skapte
regissøren rørsle i biletet.»

zooming skuving -a/i, inn-/utskuving -a/i

zoom lens skuvelinse -a

